

Kommunestyrevalet 1995



*Vi vil inn!
Du avgjer!*



STEM INN TO OPPRØRARAR

KVA HAR RV GJORT ?

RV stilte ubehagelege spørsmål og sådde tvil om administrasjonen og dei andre partia si tilråding i saker der dei andre partia dels er stilleiande og dels etterplaprande.

RV gjekk mot å påføre arbeidsfolk og lågløna auka økonomiske bærer, og ville at dei med god råd skulle betale meir.

RV godtok ikkje teieplikta, men arbeidde for at veljarane skulle få greie på kva som føregår.

Også på andre område skilde RV seg ut:

RV ville ha folk tilsett etter kvalifikasjonar, ikkje etter partibok, kjennskap og venskap.

RV gjekk mot dei ekstraytingane som politikarane har opparbeidd seg og ville at deltaking i kommunestyret skulle sjåast som vanleg organisasjonsarbeid.

RV tok til orde mot reise- og hotell-/seminarsykja.

RV gjekk til felts mot budsjettnedskjeringar, trangare økonomiske rammer og at sektorane skulle føye seg etter krav frå rådmann og formannskap.

KVA VIL RV GJERE ?

Raud Valallianse (RV) stiller til val for å fremje og stø det arbeidande folket sine krav til Høyanger kommune.

MED FOLK - MOT MAKTA

Plan og utvikling

RV vil arbeide for ei kursendring der miljø og økologisk berekraft er eit hovudmål

Næring som verkeleg treng støtte må få det framfor verksemdar som har ei sterkare ryggrad; t.d. Hydro-verksemdene

Næring som har eit godt arbeidsmiljø og utgjer ei lita påkjenning mot naturmiljøet må prioriterast framfor næringar som ikkje tek "miljø på alvor".

Helse og sosial

RV går inn for førebyggjande arbeid, det vil seie eit arbeids- og fritidsmiljø som gjev helse- og sosialmessig tryggleik. Helse- og sosialsektoren må innrette meir av verksemda si på å gje folk moglegheit til å endre livssituasjonen og levemåten sin til det betre.

På den andre sida krev RV at det offentlege betaler kostnadane. RV er grunnleggjande mot privatisering fordi det er umoralsk at det skal tenast pengar på helse. RV vil fjerne eigendelar som gjer at tilbodet varierer med lommeboka.

Også i komande valperiode er det eldreomsorga som vil krevje den største merksemda.

Oppvekst

RV vil arbeide for eit betre barnehagetilbod tilpassa ungane og foreldra sine behov

RV vil arbeide for eit desentralisert og heimenært skuletilbod.

RV vil ha ei sterkare satsing på oppvekst- og ungdomsarbeid.

RV krev at barnevernet vert tilført meir ressursar så dei kan gjere ein best mogleg jobb.

RV treng DI røyst ! Kvifor bør DU røyste RV ?

Vi har no gjort greie for kva RV har stått for og kva vi vil prioritere framover. **Du treng ikkje vere samd i alt dette for å røyste på RV, vi tek det for det det er - ei handsrekning for å mogleggjere opposisjon i kommune-styret.** For det ynskjer du vel ?? Vi håpar du tenker deg godt om så vi ikkje manglar eit par stemmer denne gangen og ! !

HØYANGER RAUD VALALLIANSE 